



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Marita Fjelle Hegg, 71 25 84 61

Oppstartsmelding - frivillig vern av skog - Ørsta - Linderemen utvidelse

Statsforvaltaren melder med dette oppstart av arbeid med frivillig vern av skog i Ørsta kommune. Verneplanarbeidet skjer med grunnlag i vedtak i Stortinget om å auke skogvernet, og er ein del av Regjeringa si satsing for meir skogvern. Meldinga er i samsvar med naturmangfaldlova § 42.

Fristen for å kome med merknader/innspel til oppstartsmeldinga er 07.08.2026.

Tilbodet om vern kjem frå grunneigarar på gnr./bnr. 118/1 og 118/2 i Ørsta kommune. Tilbodet har eit samla areal på ca. 2188 daa, og vil kunne utvide noverande Linderemen naturreservat til eit samla areal på om lag 3559 daa.

Gjennom denne meldinga er det ønskjeleg å få fram mest mogeleg kunnskap og informasjon om bruken av området, samt kulturverdiar og anna som kan vere aktuelt å ta omsyn til ved utarbeiding av eit endeleg verneplanframlegg.

Det naturfaglege grunnlaget for verneframlegget er skildra gjennom kartleggingar av både eldre og nyare dato. Langs heile utvidingsområdet er det registrert rik edellauvskog av viktig verdi nede ved fjorden som bind området saman med det eksisterande naturreservatet. Denne kartlegginga er frå 1988, men dei vestvendte og solrike liene i Hjørundfjorden er generelt artsrike og verdifulle, og vi forventar difor at verdiane i området framleis er minst like store.

Lenger sør i tilbodsområdet blei det i 2024 kartlagt både olivinskog og kalk- og lågurtfurskog av svært høg kvalitet. I tillegg er det registrert både gammal lågurtospeskog og gammal furuskog med liggjande daud ved innafor området. Fleire raudlista og kravfulle arter er registrert her. Heile tilbodsområde er lite påverka av tekniske inngrep, og fangar opp viktige manglar i skogvernet i fylket.

Hovudformålet med vern er å sikre biologisk verdifulle skogsområde som ein del av naturarven. Vern som naturreservat inneber den strengaste verneforma etter naturmangfaldlova, og konsekvensen er eit forbod mot alle tiltak som kan endre naturmiljøet.



Dei naturfaglege data viser at området har kvalitetar for vern som naturreservat. Etter avtale med grunneigarane og ALLSKOG melder Statsforvaltaren oppstart av ein verneplanprosess for området. Det er ein føresetnad for vern at det vert inngått avtale om erstatning.

Vedlagt følgjer kart som viser eksisterande Linderemen naturreservat, og det tilbydde utvidingsområdet (./.).

Oppstartsmeldinga er lagt ut på Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si nettside under «Høyringar». Dersom det er andre enn dei som er med på adresselista som bør få meldinga tilsendt, vil vi vere takksame for å bli informert om det. Melding om oppstart vert også kunngjort i Møre-Nytt og Sunnmørsposten.

Etter denne innspelsfasen vil det bli laga eit verneframlegg med verneforskrift og tilhøyrande vernekart. Dette blir sendt på høyring med ein frist på om lag 2 månader. Eventuelle spørsmål om verneplanarbeidet kan rettast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, postboks 2520, 6404 Molde, evt. på e-post sfmrpost@statsforvalteren.no.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
underdirektør

Marita Fjelle Hegg
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Kart - oppstartsmelding - Linderemen utviding - Ørsta

Kopi til:

ALLSKOG SA
MILJØDIREKTORATET

Ingvald Ystgaards veg 13A
Postboks 5672 Torgarden

7047 TRONDHEIM
7485 TRONDHEIM



Mottakere:



NORGES NATURVERNFORBUND	Mariboesh gate 8	0183	OSLO
NORSK BIOLOGFORENING (BIO)	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
NORSK RETURMETALLFORENING - NORSK INDUSTRI	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	Akersgata 41	0158	OSLO
STIFTELSEN NORSK INSTITUTT FOR NATURFORSKNING NINA	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND MØRE OG ROMSDAL	Skaret 10	6422	MOLDE
UNIVERSITETET I OSLO	Postboks 1072 Blindern	0316	OSLO
FORSVARSBYGG	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
NATUR OG UNGDOM	Postboks 34 Torshov	0412	OSLO
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
NORSK ZOOLOGISK FORENING	Postboks 102 Blindern	0314	OSLO
SABIMA	Mariboesh gate 8	0183	OSLO
FRILUFTSRÅDENES LANDSFORBUND	Christian Krohgs gate 10	0186	OSLO
NHO REISELIV	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
NORGES BONDELAG	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
NORGES ORIENTERINGSFORBUND	Postboks 5000	0840	OSLO
NORGES SKOGEIERFORBUND	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
NORSK BOTANISK FORENING	c/o Naturhistorisk museum Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
NORSK INDUSTRI	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
NIBIO - NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI	Postboks 115	1431	ÅS
NORSK ORGANISASJON FOR TERRENGSYKLING	c/o Lars Thomte Skundbergjordet 17A	2834	RAUFOSS
BIRDLIFE NORGE	Sandgata 30B	7012	TRONDHEIM
NORSK SAU OG GEIT	Moerveien 2A	1430	ÅS
NORSKOG	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
STATSKOG SF	Postboks 63 Sentrum	7801	NAMSOS



NORGES MILJØ- OG BIOVITENSKAPELIGE UNIVERSITET (NMBU)	Postboks 5003	1432	ÅS
STATENS KARTVERK	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
STATKRAFT SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
SPRÅKRÅDET	Postboks 1573 Vika	0118	OSLO
STATNETT SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
UNIVERSITETET I TROMSØ - NORGES ARKTISKE UNIVERSITET	Postboks 6050 Stakkevollan	9037	TROMSØ
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV I MØRE OG ROMSDAL	Fannestrandvegen 122	6419	MOLDE
MØRE OG ROMSDAL BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	co/ Stian A. Tufte Aunevegen 24B	7340	OPPDAL
MØRE OG ROMSDAL SAU OG GEIT	c/o Jarle Hauge Solbergvegen 186	6210	VALLDAL
AVINOR AS	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
DEN NORSKE TURISTFORENING	Youngstorget 1	0181	OSLO
NORGES TEKNISK- NATURVITENSKAPELIGE UNIVERSITET NTNU	Høgskoleringen 1	7034	TRONDHEIM
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD	Ladebekken 50	7066	TRONDHEIM
LUFTFARTSTILSYNET	Postboks 243	8001	BODØ
NORGES JEGER OG FISKERFORBUND	Postboks 94	1378	NESBRU
NORGES FJELLSTYRESAMBAND	Stortingsgata 30	0161	OSLO
NORGES HANDIKAPFORBUND	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
NORGES LUFTSPORTFORBUND	Møllergata 39	0179	OSLO
NORGES MILJØVERNFORBUND	Postboks 593	5806	BERGEN
ØRSTA KOMMUNE	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
LINJA AS	Langemyra 6	6160	HOVDEBYGDA
Johan Arnt Leknes	Urkevegen 5	6196	Norangsfjorden
Kjetil Leknes	Ramsvika 72	6012	Ålesund
TUSSA ENERGI AS	Langemyra 6	6160	HOVDEBYGDA